

Forskrift om delvis forbod mot bruk av fyrverkeri, Austrheim kommune, Vestland

Dato	FOR-
Ikrafttredelse	
Gjelder for	Austrheim kommune, Vestland
Heimel	LOV-2002-06-14-20-§43, FOR-2002-06-26-922-§2-10a
Kunngjort	
Korttittel	Forskrift om lokale forbudssoner for bruk av fyrverkeri, Austrheim kommune

Kapitteloversikt:

Kapittel 1. Innleiande føresegner (§§ 1-1 - 1-3)

Kapittel 2. Alminnelege føresegner (§§ 2-1 - 2-8)

Heimel: Fastsett av Austrheim kommunestyre dd. mmmmm 20ååå med heimel i lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann- og eksplosjonsvernloven) § 43 bokstav e, jf. forskrift 26. juni 2002 nr. 922 om handtering av eksplosjonsfarleg stoff § 2-10A.

Kapittel 1. Innleiande føresegner

§ 1-1. Formål

Formålet med forskrifta er å forebygge risikoen for fare for liv, helse, miljø og dyrevelferd ved forbod mot bruk av fyrverkeri på utsette områder i Austrheim kommune.

Forskrifta er ei presisering av krava i FOR-2002-06-26-922 Forskrift om handtering av eksplosjonsfarlig stoff § 2-10 Håndtering av pyrotekniske artikler og gjenstander femte ledd:

«Oppsetting og avfyring av fyrverkeri klasse II, III og IV, illuminasjon med fakler o.l. må ikke finne sted i tettbebyggelse eller nær tørr skog eller andre brannfarlige omgivelser uten tillatelse fra leder av brannvesenet.»

§ 1-2. Verkeområde

Forskrifta regulerer all bruk av fyrverkeri klasse II, III og IV innanfor nærmare angitt områdar sted i

Austrheim kommune.

Dei lokale forbodssonene omfattar hussamlingar med meir enn 10 bygningar.

Forskrifta omfattar både privat og offentleg stad. Utanfor forbodssonene er forskrift om politivedtekt, Austrheim kommune, Vestland gjeldande.

§ 1-3. Definisjonar

Fyrverkeri: Raketar og lygnande med lys- og/eller knalleffektar brukt til fest, underhaldning og/eller dekorasjon. Fyrverkeri inndelast i følgjande klasser:

Klasse Ia: Krutlappar, knall bon-bon o.l.

Klasse Ib: Bordbomber, partypoppers, stjerneskodde o.l.

Klasse II: Markfyrverkeri samt mindre romerske lys, soler og annet fyrverkeri med avgrensa fareområde.

Klasse III: Raketar, luftbomber, eldbeger og større romerske lys og bombebatteri ol.

Klasse IV: Profesjonelt display-fyrverkeri.

Forbodssoner: Spesifiserte områder som omfattast av denne forskrifta der det ikkje er tillate å bruke fyrverkeri.

Ei hussamling: Eit område med bygningar der avstanden mellom husa normalt ikkje overstig 50 meter. Det er tillateleg med eit skjønns messig avvik utover 50 meter i områder som ikkje kan eller skal byggast. Dette kan for eksempel være parker, idrettsanlegg, industriområde eller naturlege hindringar som elver eller dyrkbare områder. Husklyngar som naturleg høyrer med til hussamlinga, tas med inntil en avstand av 400 meter frå kjernen av hussamlinga.

Tettstad: Ei hussamling skal registrerast som ein tettstad dersom det bor minst 200 personar der, og avstanden mellom husa skal normalt ikkje overstige 50 meter. Det er tillateleg med eit skjønns messig avvik utover 50 meter i områder som ikkje kan eller skal byggast. Dette kan til dømes være parkar, idrettsanlegg, industriområde eller naturlege hindringar som elver eller dyrkbare områder. Husklyngar som naturleg høyrer med til tettstaden, tas med inntil ein avstand av 400 meter frå kjernen av tettstaden. Dei inngår som ein satellitt til sjølve kjernen til tettstaden.

Kapittel 2. Alminnelege føresegner

§ 2-1. Forbod

Bruk av fyrverkeri i klasse II, III, IV, svevande lykter o.l. innanfor forskriftenes angjevne områder i § 1-2 er til ei kvar tid forbode.

Austrheim kommune kan ved særlege tilhøve legge ned totalforbod mot oppskyting av fyrverkeri i heile kommunen. Myndigheit til å avgjere innskjerping etter denne føresegna er delegert til Nordhordland brann og redning ved Brannsjefen.

§ 2-2. Rettigheter

Bruk av fyrverkeri utanfor denne forskriftas angjevne forbodssoner er tillatt på nyttårsaftan mellom kl. 18.00 og kl. 02.00.

§ 2-3. Dispensasjon

Austrheim kommune kan ved særlege tilhøve gi løyve til oppskyting av fyrverkeri i forbodssonen etter skriftleg søknad. Det er et krav at oppskyting av fyrverkeriet vert utført av personar med kompetansebevis frå det organ DSB gir mynde til å tildele slike. Myndigheit til å avgjere søknader om løyve etter denne føresegna er delegert til Nordhordland brann og redning ved Brannsjefen.

§ 2-4. Opprydding

Den som sender opp fyrverkeri skal rydde etter seg før oppskytingsplass forlatast.

§ 2-5. Forvaltningsorgan

Politiet har myndigheit til å handheve forboda i § 2-1.

§ 2-6. Klage

Vedtak treft i medhald av denne forskrifta kan klagast til formannskapet.

§ 2-7. Straff

Brot på forskrifta samt brot på vedtak trefft i medhald av denne kan medføre straffeansvar jf. brann og eksplosjonsvernloven § 42.

§ 2-8. Ikrafttredelse

Denne forskrifta trer i kraft ved kunngjering.